

– Håpar på sankthansstemning på torsdag

Roger Bereksten seier at håpet er at mange skal ta Svanhild og Atløy til Kinn, og at båtfolket tek eigen båt ut til Kinn torsdag klokka 17.00.

– Vi håpar å skape ei sankthansstemning der ute, med mange båtar. Det er 97 plassar til saman på Svanhild og Atløy, seier han.

Etter markeringa på Kinn mellom 17.00 og 20.00, er det samling på Sørstrand der det vert bålrenning og grilling frå klokka 18.00.



– Vi har fått vèret vi bestilte til Kinn

Veteranbåten Atløy og seglskuta Svanhild (biletet) vil ta med seg personar ut til stundet på Kinn då "Petter Edderkopp" skal gå på slakk linje, vel 70 meter over det kjende juvet på øya. Bereksten seier at vèret er perfekt for aktiviteten og om vèrmelding held vil alt gå etter planen. Båtane vil samstundes tilby skjergardscruise fleire gongar per dag, og tek to eller tre timar.

Det intime arrangementet

■ 21 våte aktivitetar

FLORA: Då arrangørane Byen Vår Florø og Hav- og fjellsportgruppa i Florø byrja å jobbe mot «Våt Moro» var tanken eit lite intimt arrangement. – Eg let meg lett rive med, og no har vi eit mangfald av aktivitetar for alle, seier Roger Bereksten, leiar i Byen Vår Florø.

MAIKEN AANNEVIK SOLBAKKEN
maiken@firdaposten.no

For Roger Bereksten byrja ideen om ein havsportfestival i Florø for over 10 år sidan. Ein kveld med god stemning og då praten sat laust, byrja Roger og ein god kamerat å fantasere om å etablere eit selskap som kunne tilby ekstreme og halvekstreme sportopplevingar i Florø. Etter Roger fekk jobben som leiar i Byen Vår Florø byrja ballen endeleg å rulle.

– Det var då eg endeleg fekk moglegheita til å gjere noko med det, seier han.

Roger var med å danne Hav og fjellsportgruppa i Florø, og saman med Byen Vår Florø har dei saman fått på plass "Våt Moro".

– Det er stor kompetanse i gruppa innfor slike aktivitetar, og ein ønskjer å skape eit miljø i Florø.

Intimt arrangement

At festivalen skulle bli så stor som den er no var ikkje planlagt.

– Når vi byrja arbeidet tidlegare i år planla vi ei helg med litt diverse aktivitetar i ei intim atmosfære. Vi ville prøve å sjå om det gjekk an. Men ettersom tida gjekk har ballen berre rulla vidare, og det kjem til nye akti-

VÅT MORO

■ Opnast ved stundet på Kinn, der Petter Aker skal gå på slakk linje over juvet på Kinnaklova. Avreise frå Florø 17.00.

■ Dei totalt 22 aktivitetane byrjar torsdag, og held det gåande til laurdag ettermiddag. Påmelding på Haffen.

vitatar heile tida, seier Roger.

For Roger sit ordet "nei" langt inne.

– Eg er ikkje så flink til å si nei, då eg lett let meg rive med. Når entusiastiske folk kjem med nye spanande aktivitetar må vi berre ha dei med på laget, seier han om det innholdsrike programmet.

Det har resultert at det vesle arrangementet Roger og medarrangørane hadde i tankane for knappe to månader sidan no inneheld 22 aktivitetar på programmet, der dei fleste vil gå over fleire dagar.

– Det er spanande å sjå korleis det går, og utruleg kjekt å sjå at så mange vil vere med å delta, seier han.

Må ha ungdomen med

Roger seier at festivalen er ei god måte for sportsmiljøet i Florø å få med ungdomar.

– For å drive slike aktivitetar i byar som Florø er ein avhengig å ha med seg dei yngre. Hav- og Fjellsportgruppa har jobba med dette. Vi håpar verkeleg at folk i alle aldre vil vere med, og kanskje få augene opp for noko dei ønskjer å drive med framover.

– Om nokon deltek, og tenkjer at "dette er noko eg har lyst å drive med" vil vi prøve å halde fram tilbodet til hausten. Målet er å skape eit ekstremisportmiljø.

WAKEBOARD: Ønskjer du å prøve wakeboard? Det er ein av aktivitetane du kan å prøve i helga. Foto: Eivind Nordvik Hauge



– Er marknaden til stades?

FLORA: Bereksten og kompani er i full fres for å få på plass alle detaljar til helga. Bak heftig organisering og prat om bemanning er det eit spørsmål Bereksten ventar på å få svar på: "Er det marknad på kysten til å drive ekstremisportfestival?"

– Det vi vil finne ut etter helga, når vi ser kor mange som er interessert og deltakartalaer klare. Vi må vite om det er marknad i byen for i det heile jobbe mot halvekstre og ekstremisportaktivitetar. Det er noko vi må vite, som ikkje berre har effekt på om det er

mogleg å drive festival til neste år, men om det er mogleg å drive med det heile året.

Bereksten seier at håpet er at folk skal bli bitne av ekstremisport-basillen, og at eit nytt miljø i Florø skal slå rot.

– I desse øvingane, med mykje adrenalin og action, er det lett for mange å bli hekta, seier han.

Men sjølv om tankane surrar er Bereksten utelukkande positiv. Etter vekevis med intens jobbing og mangel på søvn er han spent for helga.

– Eg håpar og trur at mange kjem. Vi har eit mangfald av aktivitetar, og kjenner på kroppen at det blir bra, seier han.

Ekklusivt Aftersea-arrangement

FLORA: På kveldstid etter dagens arrangement og aktivitetar er over, vil Hagen vere samlepunktet for festivaldeltakarane, om ein har eit av dei 300 festivalpassa.

MAIKEN AANNEVIK SOLBAKKEN
maiken@firdaposten.no

Aftersea arrangementet skal vere samlingspunktet, såkalla basecamp, for Våt Moro-utøvarane

–Hjørnevikhagen i Florø sentrum serverer kortreist mat og drikke, god musikk og laidback stemning både innandørs og utandørs. Kvar kveld vil det bli Aftersea med film og bilete frå



SPENT: Roger Bereksten og Våt Moro-sjefen er spent for helga. Foto: Dag Frøyen.

som har tilgang til Aftersea. – Det er eit eksklusivt arrangement. Festivalpasset inkluderer

dagen, premieutdeling, og diverse kåringer, seier Roger Bereksten.

Han presiserer at det er berre deltakarar med festivalpass

tilgang til Aftersea tre kveldar i veka, vasstett futteral til mobiltelefon og diverse, nøkkelring og Våt Moro-armband, eitt gratis blobz-hopp og den eksklusive Våt Moro t-skjorta.

– Det er berre innehavarane av festivalpasset som får t-skjorta. Så om folk ønskjer den må dei sikre seg passet, seier Roger.

Samstundes vil det bli arrangement konsert laurdag med Jam-kollektivet.

Sidan det er utelukkande 300 pass for heile helga, fungerer det etter "første mann til mølla"-prinsippet.

Overskotet går til dei aktuelle foreningane

Overskotet til Våt Moro går attende til dei sport- og fritidsforeningane som deltek. Bereksten i Byen Vår Florø presiserer at det er ingen som tener på festivalen, bortsett frå foreningane.

– Målet er at festivalen skal hjelpe til å drive aktivitetane sine vidare og skape aktivitet i byen. Sjølv festivalen er eit samarbeid mellom lokale aktørar. Vi er eit lag, der alle drar sin del, seier han.



Idealistisk jamgruppe inntek Florø

Jamkollektivet vil spele både på Sørstrand på torsdag kveld og konsert på Hagen på laurdag. Grappa er eit kollektiv av musikkarar, og på facebookside si skriv dei at dei "både har spreidd kultur på idealistisk basis og fungert som ein workshop for deltakarar." Vidare skriv dei at dei "omfattar det impulsive uttrykket og kvarandre. Lytt, prat, dans og føl deg som heime".

... som vaks seg stort



Dette kan du prøve på «Våt Moro»

Havrafting: Actionfylt tur i floraskjærgården. Tors, fre og lør 11.00-12.00. Fre og lør 16.00-19.00.

Surfing: Surfing på Stad. Båt frå Florø. Tors, fre 09.00-16.00

Elverafting: Hos Jølster Rafting får du oppleve friske aktivitetar i ei trygg ramme. Transport frå Florø. Tors, fre, lør 12.00-17.00

Dykking Advanced: Vidaregåande-kurs over to dagar. Inkl. sikker dykking til 30 meter, søk og hev, navigasjon, multilevel og natt. Krav om forkunnskapar. Lør, søn 10.00

Dykking Vrak- og naturdykk: Dykk på Welheim som kan vere krevjande. Lang tur og krav om AOW-CMAS. Fredag 11.00 og utover. Lørdag 10.00 og utover. Vrak- og naturdykk på Rollø. Tek grunnkurselevar med OW, CMAS. Klokk 11.00.

Dykking Nitrox-kurs: Dykking med oksygenberika luft. Prisen inkluderer bokpakke og sertifisering. Søndag 10.00

Tursegling: Segltur med tur- og regattabåt som kan ta 3-8 personar. Inkluderer opplæring og rettleiing etter nivå og ønsker. Passar for 12 år og oppover. Laurdag 17.00-20.00

Jollesegling: For unge på Florevika. Lør 11.00-14.00.

Tube: Bli trekt av båt i oppblåsbar ring. Fre 10.00-14.00, 15.00-17.00. Lør 11.00-15.00.

Familieyoga: Flora Yoga Studio arrangerer. Laurdag 14.00.

Blobz: Frå ei storluftmadrass vert du skoten i veret av to agkameratar. Fre: 12.00-17.00. Lør: 11.00-14.00 **Blobz konkurranse:** Lør: 15.00.

Kajak: Kan leige eller bli med på guida rundt. Fre: 16.00-18.30. Lør: 11.00-17.00.

Kiting: Ein brukar drage (kite) og nyttar vinden for fremdrift med eit brett festa til beina. Fre: 14.00-16.00. Lør: 13.30-15.30.

Windsurfing: Kombinerer element frå segling og surfing. Fre 11.00-14.00, 15.00-17.00. Lør 11.00-15.00

Wakeboard: ein står på brett etter ein trekkande båt. Fre: 10.00-14.00, 15.00-17.00, Lør: 11.00-15.00

Wakeskate: Som Wakeboard, men føttene står laust på brettet. Ekstra utfordrande. Fre: 10.00-14.00, 15.00-17.00. Lør: 11.00-15.00

Klatring: Sportsklatring ute i Grytadalen på fredag. 11.00-17.00. Laurdag vert det rapell frå bygning i Florø, kl. 12.00.

Stand Up Paddle kurs: Padling ståande på eit brett. Fre 11-13.00, og lør 10.00-12.00

– 15 plassar per aktivitet

FLORA: På kvar aktivitet er det 15 plassar. Om den går to gongar kvar dag er det 15 plassar kvar gang. Nokre har berre 30 plassar til saman.

MAIKEN AANNEVIK SOL-BAKKEN
maiken@firdaposten.no

– Om ein til dømes ønskjer å vere med til Stad for å surfe må ein melde seg på i god tid før. Avreise er klokka 09.00. På aktivitetane har vi rekna 15 plassar kvar

gang, og sidan det er to dagar, er det 30 plassar til saman på surfinga.

Roger vil hindre at folk møter opp når aktiviteten byrjar, berre for å finne ut at den er full og at det er for seint å melde seg på.

– På nettsidene våre, på telefon eller på facebookside vår kan ein få informasjon. Internett-påmelding er stengd, så vidare påmelding må skje på sekretariatet på Haffen, seier Bereksten.

Roger seier dette gjeld for alle aktivitetane.

Nokre av aktivitetane har derimot drop-in.

– Laurdag vert det sett opp fester på ein husvegg i sentrum. Der får folk moglegheit til prøve rappell, og ein treng bere møte opp.

Det same gjeld blobz og jollesegling.

– Laurdag vert det jollesegling ved Amfi for dei mellom 8 og 14. Det er ein god moglegheit for dei yngre for å sjå om det er noko for dei. Her treng ein òg berre å møte opp.

For fullverdig program sjå www.vatmoro.no.



HAVRAFTING: Havrafting i skjærgården utanfor Florø er ein av aktivitetane du kan prøve på festivalen som opnar i dag, klokka 17.00 på Kinn. Arkivfoto.